



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
08.06.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/6981 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Retaksering av verk og bruk - skjønsmidler

Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet å frita produksjonsutstyr og installasjonar for eigedomsskatt frå og med 2019. Vedtaket inneber at kommunane må retaksera dei eigedomane som blir omfatta av lovendinga. Det omfattar blant anna kraftkrevjande industri, raffineri og dataanlegg i store datasenter.

Stortinget har vedteke ei løyving på kr 72,5 mill. som auka skjønsmidler for å kompensera kommunane for kostnader ved retaksering. Hordaland sin del av ramma er kr 7,3 mill. Fylkesmannen vil fordela desse midlane mellom kommunane.

Vi ber med dette kommunane å gi opplysningar om kostnader ved retakseringa. Frist for å gi opplysningar til Fylkesmannen om kostnadene er **fredag 17. august d.å.**

Det er ikkje nødvendig med attestasjon frå kommunen sin revisor.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgivar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.